


Nozibele og dei tre hårstråa



Tessa Welch ✎

Wiehan de Jager 📧

Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad 📖

Sand

nynorsk 🗣️

nivå 3 📖

Barnebøker for Norge

barnebok.no

Nozibele og dei tre hårstråa

Skrevet av: Tessa Welch

Illustrert av: Wiehan de Jager

Oversatt av: Espen Stranger-Johannessen, Martine

Rørstad Sand

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barnebok.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons

[Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens.](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/deed.no)

<https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/deed.no>



For lenge, lenge sidan gjekk tre jenter ut
for å samla ved.



Da skjønte hunden at Nozibele hadde lurt han. Så han sprang og sprang hele vegen til landsbyen. Men der venta brørne til Nozibele med store kjeppar. Hunden snudde seg og sprang bort, og han har ikkje vorte sett sidan.



Det var ein varm dag, så dei gjekk ned til elva for å symja. Dei leikte og plaska og sumde i vatnet.



Plutseleg merka dei at det var vorte seint.
Dei skunda seg tilbake til landsbyen.



Då hunden kom tilbake, leitte han etter
Nozibele. "Nozibele, kor er du?" ropte
han. "Eg er her, under senga", sa det
første hårstrået. "Eg er her, bak døra", sa
det andre hårstrået. "Eg er her, i
innhegninga", sa det tredje hårstrået.



Då dei var nesten heime, la Nozibele handa på halsen. Ho hadde gløymt halsbandeti "Ver så snill å dra tilbake saman med meg!" trygla ho veninnene sine. Men veninnene hennar sa at det var for seint.



Så snart hunden var dregen, tok Nozibele tre hørstrå frå hovudet sitt. Ho la eitt hørstrå under senga, eitt bak døra, og eitt i innhegninga. Så sprang ho heim så fort ho orka.




Så Nozibele gjekk tilbake til elva åleine. Ho fann halsbandet og skunda seg heim. Men ho gjekk seg vill i mørket.



Kvar dag måtte ho laga mat og feia og gjera reint for hunden. Så ein dag sa hunden: "Nozibele, i dag må eg vitja nokre vener. Fei huset, lag mat og gjer reint før eg kjem tilbake."



I det fjerne såg ho lys som kom frå ei hytte. Ho sprang mot hytta og banka på døra.



Då sa hunden: "Rei opp senga for meg!"
Nozibele svara: "Eg har aldri reidd opp senga for ein hund." "Rei opp senga, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibele reidde opp senga.



Så forundra ho vart då det var ein hund som opna døra og sa: "Kva er det du vil?" "Eg har gått meg vill og treng ein stad å sova", sa Nozibele. "Kom inn, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibele gjekk inn.



Då sa hunden: "Lag mat til meg!" "Men eg har aldri laga mat til ein hund før", svara ho. "Lag mat, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibele laga litt mat til hunden.